Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ting til lækjedom og vern mot sjukdom

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899)

(adresse): Hammerstadgt. 12B II, Oslo

Fylke: Buskerud

Herad: Hemsedal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.

Ringar på fingrane til vern mot sjukdom er heilt ukjent for meg når det gjeld heimbygda. Om noko såvore har vore i bruk frå gamalt er heilt på det uvisse. I alle fall høyrde eg ikkje om nokon slik tradisjon i min oppvekst. – Ringar (fingerringar) var i det heile lite i bruk. Det var sjeldan at folk gjekk med gifte-ring. I grovt arbeid (t. d. steinarbeid) ville og ein ring ganske fort ha slitest sund.

B.

Det same gjeld armbannd.

C.

Likeeins hengjedallar o. l.

D.

Heller ikkje belter var i bruk. D. v. s. i min barndom var det ein

9106

rykk at det var mykje avertering i blada av elektriske belte (Reiersens t.d.) som skulle hjelpe mot nær sagt alle ting. Som m. kjøpte visst og slike belte, men når det synte seg at det ikkje munte mot plagene, vart det snart slutt.

E.

Ofreringar av noko slag såg eg ikkje i bruk i mi heimbygd.

F.

Heller ikkje höyrde eg om andre ting som dei bar på seg med det fyremål at det skulle verne mot sjukdom. Det kan sakte ha funnest slike truer, men for min del höyrde eg ikkje om det.

5-3-54.

Ola Rudvin

9106

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING